

---

**Saksnr:** 2020/62142-1**Saksbehandlar:** Ingrid Holm Svendsen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet		09.09.2020
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		16.09.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		16.09.2020
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.09.2020
Hovudutval for næring		16.09.2020
Finansutvalet		17.09.2020

## Administrativt innsparingsprogram

### Forslag til innstilling

1. Finansutvalet legg til grunn ei innsparing i administrative kostnader på 26,6 mill. kr i driftsbudsjettet for 2021. Summen kjem i tillegg til andre administrative innsparingar som er foreslått i arbeidsdokument 3/20.

### Samandrag

I budsjettvedtaket for 2020 (PS 14/2019 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023) går det fram at fylkesrådmannen har sett i verk eit administrativt innsparingsprogram som del av arbeidet med å redusere driftskostnadene i fylkeskommunen fram til 2025. Målet er å redusere administrasjonskostnadene med 20 prosent eller 100 mill. kr i perioden. Gjennom budsjettvedtaket for 2020 er ein del av denne innsparinga alt effektuert.

Som ledd i arbeidet med det administrative innsparingsprogrammet er det gjennomført ei rekke utgreiingar. Dei tillitsvalde har vore representerte i aktuelle arbeidsgrupper.

I denne saka peikar fylkesrådmannen på relevante område med potensiale for innsparing i dei kommande åra.

Det er førebels identifisert eit potensielt innsparingspotensiale på vel 100 mill. kr i økonomiplanperioden. Dei aktuelle administrative innsparingane vil bli fordelte på dei aktuelle avdelingane og inngå i deira forslag til reduksjon av driftsbudsjetta i åra framover.

Fylkesrådmannen tilrår at dei administrative innsparingane som er identifiserte, vert lagt til grunn i arbeidet med budsjettet for 2021. Fylkesrådmannen tilrår at administrasjonen arbeider med innretting og vidare utgreiing av aktuelle tiltak for resten av økonomiplanperioden og vil komme nærare tilbake til dette i samband med budsjettprosessen for 2022.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I budsjettvedtaket for 2020 (PS 14/2019 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023) går det fram at fylkesrådmannen har sett i verk eit administrativt innsparingsprogram som del av arbeidet med å redusere driftskostnadene i fylkeskommunen fram til 2025. Målet er å redusere administrasjonskostnadene med 20 prosent eller 100 mill. kr i perioden. Gjennom budsjettvedtaket for 2020 er ein del av denne innsparinga alt effektuert.

Som ledd i arbeidet med det administrative innsparingsprogrammet er det gjennomført ei rekke utgreiingar. Dei tillitsvalde har vore representerte i aktuelle arbeidsgrupper.

I denne saka peikar fylkesrådmannen på relevante område med potensiale for innsparing i dei kommande åra. Dei aktuelle administrative innsparingane vil bli fordelte på dei aktuelle avdelingane og inngå i deira forslag til reduksjon av driftsbudsjetta.

Vurderingar og verknader

Innleiing

I arbeidet med å greie ut potensialet for administrative innsparingar har fylkesrådmannen sett nærare på følgjande hovudområde:

- 1) Diverse driftskostnader
- 2) Administrative utgreiingar
- 3) Drift bygg/eigedom
- 4) IKT og digitalisering
- 5) Personaløkonomi
- 6) Finansforvaltning
- 7) Eigarskap

Dei aktuelle områda med tilhøyrande tiltak vert nærare gjennomgått under.

### 1. Diverse driftskostnader

Som nemnt i arbeidsdokument 1/20 har fylkesrådmannen gått gjennom driftsrekneskapen for dei to tidlegare fylkeskommunane og sett nærare på kostnadsutviklinga innafor ei rekke område. I første omgang er det identifisert innsparingspotensiale knytt til følgjande område:

#### 1.1. Kontingentar

Fylkesrådmannen har gått gjennom medlemskap i lag og organisasjonar som dei tidlegare fylkeskommunane hadde. Siktemålet er dels å sikre at Vestland fylkeskommune framover berre har eitt medlemskap der det før var to, og dels å vurdere om ein framleis skal vere medlem i dei ulike organisasjonane eller om fylkeskommunen skal avslutte nokre av medlemskapa.

Kvar avdeling går kritisk gjennom alle medlemskap med sikte på reduksjon i kontingentbudsjettet.

Fylkesrådmannen vurderer ei innsparing på 1 mill. kr som realistisk.

## 1.2 Interne møtekostnader/bevertning

Fylkesrådmannen har gått gjennom kostnader knytt til bevertning i samband med interne møte i fylkesadministrasjonen. På bakgrunn av denne gjennomgangen tilrår fylkesrådmannen at avdelingane avgrensar slik servering til møte med eksterne deltakarar.

Fylkesrådmannen vurderer at dette vil gje ei årleg innsparing på 1 mill. kr.

## 1.3 Avisabonnement

Ulike avdelingar og einingar i Vestland fylkeskommune har ei rekke abonnement på aviser og tidsskrift. Fylkesrådmannen er i gang med å undersøke kva innsparingar overgang til færre og digitale fellesabonnement vil kunne gje.

## 1.4 Reiser og opphald

Vestland fylkeskommune har høg merksemd på å redusere eige klimaavtrykk. Reduksjon av reiseverksemda er ein viktig del av dette arbeidet. Parallelt har fylkeskommunen investert betydelege midlar i nye digitale system for gode virtuelle møteplassar. Som følge av koronarestriksjonane har organisasjonen opparbeidd god kompetanse og erfaring med å nytte desse nye verktøya og tilbakemeldingane er gjennomgåande svært positive. Fylkesrådmannen legg difor til grunn at digitale møte vert hovudinnrettinga framover.

Basert på dette vurderer fylkesrådmannen at ei årleg innsparing på 10 mill. kr knytt til redusert reiseverksemd er realistisk.

## 1.5 Ny avtale om inkasso

Vestland fylkeskommune har inngått ny avtale om innkreving av inkasso som inneber ei årleg innsparing på 0,4 mill. kr.

## Oppsummert

Nr.	Område/tiltak	Effekt 2021	Effekt 2022	Effekt 2023	Effekt 2024	Merknader
<b>1</b>	<b>Div. driftskostnader</b>					
1.1	Kontingentar	1,0				
1.2	Interne møtekostnader	1,0				
1.3	Avisabonnement	?				Utgreiing i arbeid
1.4	Reiser og opphald	10,0				
1.5	Inkasso	0,4				
	<b>Delsum</b>	<b>12,4</b>				

Alle tal i mill. kr

## 2. Administrative utgreiingar

### 2.1 Investering og drift av eigen bilpark

Dei siste åra er det kjøpt inn ei rekke elektriske bilar til administrativ bruk ved skular og i fylkesadministrasjonen. Innkjøp av bilane og etablering av nødvendig ladeinfrastruktur er hovudsakleg finansiert over investeringsbudsjettet. Driftskostnadene vert dekt av aktuelle avdelingar. Når det gjeld felles bilpark lokalisert ved dei tre administrasjonsbygga i Bergen, Leikanger og Førde vert utgifter til drift og vedlikehald som t.d. forsikringar, vegavgift, bompengar, reinhald, dekkskift, service m.v., dekt sentralt via driftsbudsjettet til Eigedom.

Ein gjennomgang av utgiftene til utbetalt godtgjersle for bruk av privat bil viser at denne bruken ikkje er blitt redusert, trass i auka tilgang til fylkeskommunale bilar. Dette tyder på at reiseverksemda har auka. Noko av denne auken kan vere relatert til arbeidet med fylkessamanslåinga dei siste åra. Fylkesrådmannen ser likevel behov for å redusere omfanget av slike tenestereiser (jfr punkt 1.4) og vil setje i verk tiltak for å redusere omfanget av desse. Parallelt tilrår fylkesrådmannen at det ikkje vert kjøpt inn fleire el-bilar og at den avsette summen på 9 mill. kr på investeringsbudsjettet i kommande økonomiplanperiode vert kutta.

### 2.2 Kontormøblar

Vestland fylkeskommune kjøper årleg inn møblar og relatert kontorutstyr for om lag 20 mill. kr. Av denne summen er ca. 15 mill. kr knytt opp mot skulane. Summen inkluderer ikkje innkjøp av møblar til nybygg.

Saman med Bergen kommune, Universitetet i Bergen, Digdir og Leverandørutviklingsprogrammet er fylkeskommunen med i eit pilotprosjekt knytt til sirkulære anskaffingar av kontormøblar. I tillegg til å støtte opp om klima- og miljøarbeidet til fylkeskommunen kan slik gjenbruk også ha ein viss økonomisk effekt. Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med korleis denne satsing kan innrettast.

### 2.3 Felles postmottak

Vestland fylkeskommune har i dag eit hovudpostmottak for fysisk og elektronisk post fordelt på tre lokasjonar (Bergen, Førde og Leikanger). I tillegg mottek alle skulane, tannklinikkane, Skyss/Kringom og Bybanen utbygging elektronisk post direkte. Det er også etablert elektroniske mottak av post i ei rekke avdelingar i fylkesadministrasjonen.

Fylkesrådmannen finn det tenleg å samle denne drifta i eitt felles postmottak for både fysisk og elektronisk post og vil starte ein prosess med mål om slik etablering. Parallelt er det starta arbeid med utgreiing og innkjøp av nytt sak- og arkivsystem, som etter planen skal vere operativt frå 1. januar 2022. Det er naturleg å sjå desse prosessane i samanheng.

Gjennom vidare arbeid med digitalisering er det venta effektiviseringsgevinstar innan dette området i åra framover. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til dette når potensialet for innsparing er nærare klarlagt.

### 2.4 Mobbeombod

Vestland fylkeskommune har to mobbeombod i heil stilling. Gjennom ei statleg prøveordning får fylkeskommunen 1 mill. kr i årleg økonomisk støtte til dette arbeidet. Fylkeskommunen sine kostnader utgjør ca. 1,8 mill. kr. Det ligg no føre ei evaluering av ordninga gjennomført av velferdsforskningsinstituttet NOVA. Det vert ikkje trekt klare konklusjonar om framtidig organisatorisk tilknytning i rapporten. Det er venta at ei slik tilråding vil ligge føre i løpet av 2021. Dersom ordninga med mobbeombod vert organisert utanfor fylkeskommunen, vil dette kunne innebere ei årleg innsparing på ca. 0,8 mill. kr med sannsynleg verknad frå 2022.

## 2.5 Generell merksemd på innkjøp

I samband med inngåing av rammeavtalar for nye varer og tenester og ved reforhandling av eksisterande slike avtalar, er det høg merksemd på å oppnå konkrete innsparingar. Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med å realisere slike gevinstar.

### Oppsummert

Nr.	Område/tiltak	Effekt 2021	Effekt 2022	Effekt 2023	Effekt 2024	Merknader
<b>2</b>	<b>Adm. utgreiingar</b>					
2.1	Bilpark		x			Reduksjon investerings-budsjett 9 mill. kr
2.2	Kontormøblar		x			Vidare utgreiing
2.3	Felles postmottak			x		Vidare utgreiing, nytt sak-arkivsystem frå 2022
2.4	Mobbeombod		0,8			Ventar ekstern tilråding om organisering
2.5	Innkjøp generelt		x	x	x	Kontinuerleg arbeid
	<b>Delsum</b>		<b>0,8</b>			

Alle tal i mill. kr

## 3. Drift bygg/eigedom

### 3.1. Husleige/arealeffektivisering

Fylkesrådmannen har gått gjennom eksisterande avtalar om leige av bygg og lokale hos eksterne aktørar. I første omgang viser dette slikt innsparingspotensiale:

Opning av ny skule i Åsane i Bergen hausten 2020 vil innebere netto reduksjon i eksterne husleigekostnader på 8 mill. kr årleg frå 2021.

Når fylkesadministrasjonen flytter frå dei mellombelse lokala på Sandsli ved årsskiftet 2022/2023, fell årlege leigekostnader på ca. 14 mill. kr bort i 2023 og ytterlegare ca. 5 mill. kr. i 2024.

Vestland fylkeskommune overtok fleire leigeavtalar knytt til kontorlokale frå Statens vegvesen. Bytte til andre kontorlokale kan gje årleg reduksjon i leigekostnader med 1 mill. kr i 2023.

Vestland fylkeskommune leiger i dag kontorlokale til avdeling for infrastruktur og veg hos Statens vegvesen på Leikanger. I samband med føreståande rehabilitering av fylkeshuset på Leikanger er det mål om å optimalisere arealbruken slik at dette kan gje rom for å huse avdelinga i eige bygg. Dette vil i tilfelle kunne innebere ei årleg innsparing på 5 mill. kr frå 2025.

Fylkeskommunen leiger kontorlokale for Rettleiingstenesta i Bergen sentrum. Det vert arbeidd med å finne plass til Rettleiingstenesta i eit av fylkeskommunen sine eigne bygg. Dette vil kunne gje ei årleg innsparing på 1 mill. kr frå 2026.

### 3.2 Bygningsdrift/energikonominisering

Gjennom betre koordinering og standardisering av driftsleiarfunksjonen er det mogleg å effektivisere drifta og samstundes redusere omfanget av kjøpte tenester. Potensielt utgjer dette ei innsparing på 3 mill. kr i samband med naturleg avgang. Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med å innrette driftsleiar tenestene på ein tenleg måte.

Vestland fylkeskommune har høg merksemd på å effektivisere energibruken i eigne bygg.

Gjennom styrkt overvaking og auka bruk av geoenergi eller andre lokale energikjelder er det potensiale for ytterlegare innsparing som følgje av redusert straumforbruk.

### 3.3 Reinhold

Godt reinhold av fylkeskommunale bygg og lokale er viktig for å sikre helse og trivsel blant tilsette og brukarar. Reinholdet ved dei vidaregåande skulane, einskilde tannklinikkar og ved fylkesadministrasjonen på Leikanger vert utført i eigen regi. Vestland fylkeskommune følgjer gjeldande bransjestandardar, som m.a. stipulerer tal årsverk ut frå aktuelle reinhaldsplanar. Som følgje av korona-situasjonen er det særskilt merksemd på reinhold. Fylkesrådmannen vil komme nærare tilbake til evt justering av tal årsverk seinare i økonomiplanperioden.

På nokre lokasjonar kan det vere potensiale for effektivisering ved å samordne reinhold av skular og tannklinikkar. Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med å innrette reinholdstenestene på ein tenleg måte.

### 3.4 Eigedomsskatt

Nokre få kommunar i Vestland gjev ikkje fritak for å betale eigedomsskatt for fylkeskommunale bygg som t.d. skular. Fylkesrådmannen har vendt seg til dei aktuelle kommunane, men vurderer at potensialet for innsparingar er lite.

### Oppsummert

Nr.	Område/tiltak	Effekt 2021	Effekt 2022	Effekt 2023	Effekt 2024	Merknadar
<b>3</b>	<b>Drift bygg/eigedom</b>					
3.1	Husleige/arealøk.	8,0		15,0	5,0	Potensielt 5 mill. kr frå 2025 og 1 mill. kr frå 2026
3.2	Bygningsdrift/enøk		1,0	1,0	1,0	Potensielt 3 mill. kr naturleg avgang
3.3	Reinhold		x	x	x	Vurderast nærare
3.4	Eigedomsskatt		?			Nye søknadar i 21
	<b>Delsum</b>	<b>8,0</b>	<b>1,0</b>	<b>16,0</b>	<b>6,0</b>	

Alle tal i mill. kr

## 4. IKT og digitalisering

### 4.1 Standardisering av personleg IT utstyr

Ved å standardisere personleg IKT-utstyr til tilsette i fylkeskommunen og kjøpe inn dette utstyret i større og føreseielege volum innafor rammeavtalen, er det vurdert som mogleg å oppnå ei årleg innsparing på 1 mill. kr. For å kunne realisere dette potensialet, vert det lagt opp til å samle budsjettmidlane sentralt hos IKT-seksjonen gjennom overføring av midlar frå kvar avdeling.

Fylkesrådmannen vurderer dessutan alternative løysingar for arbeidsgjevarfinansiert mobiltelefon. Dette vil venteleg også kunne gje ei viss årleg innsparing.

### 4.2 Ny løysing for sterk autentisering

For å ivareta omsynet til m.a. personvern, stiller Datatilsynet krav om to-faktor pålogging på ei rekke IKT-system i skulen («sterk autentisering»). I tidlegare Hordaland fylkeskommune har dette vore

løyst gjennom bruk av private mobiltelefonar, noko som har vore kompensert økonomisk. Ved å implementere ei ny, felles løysing for sterk autentisering fell denne kompensasjonen bort. Dette gjev ei årleg innsparing på 1,2 mill. kr.

#### 4.3 Innføring av nye fellessystem/sanering av system

I løpet av dei næraste åra kjem Vestland fylkeskommune til å skifte ut ei rekke sentrale fellessystem. I tillegg vil eit nytt nasjonalt skuleadministrativt system etter planen vere i full operativ drift frå hausten 2021. Det er venta at denne utskiftinga av system vil kunne gje direkte innsparingar i storleiken 8-10 mill. kr utover i perioden. I tillegg kjem anna mogleg gevinstrealisering knytt til forenkla arbeidsprosessar, betre kvalitet m.v.

Parallelt vert det arbeid med å gå gjennom eksisterande systemportefølje med sikte på sanering av overlappende/utdaterte system, noko som vil kunne gje innsparingar i form av reduserte lisenskostnader m.v.

I samband med fylkessamanslåinga vart det brukt betydelege midlar på oppgradering av infrastruktur og utstyr innan IKT. I tillegg har også dei to tidlegare fylkeskommunane gjennomført større slike investeringar dei siste åra, m.a. knytt til nye og rehabiliterte skular. Fylkesrådmannen vil etablere ein plan for porteføljestyling, som vil kunne gje grunnlag for vidare innsparingar. Fylkesrådmannen vil komme nærare tilbake til dette.

#### 4.4 Ny avtale breiband

Det er inngått ny avtale om leveranse av breiband til fylkeskommunen. Den nye avtalen inneber ei årleg innsparing på 3 mill. kr frå 2021.

#### 4.5 Vidare arbeid med digitalisering

Auka digitalisering av arbeidsprosessar er eit viktig satsingsområde for Vestland fylkeskommune. Arbeidet er førebels i startfasen, men fylkesrådmannen ventar at dette arbeidet over tid vil resultere i konkrete innsparingar, betre kvalitet på tenestene og styrkt omdøme. Bruk av nye digitale løysingar har også innverknad på omfang og kostnader knytt til m.a. reiser og opphald, jfr. punkt 1.4 og 2.1.

#### Oppsummert

Nr.	Område/tiltak	Effekt 2021	Effekt 2022	Effekt 2023	Effekt 2024	Merknader
<b>4</b>	<b>IKT og digitalisering</b>					
4.1	Standardisering av personleg utstyr	1,0				
4.2	Ny løysing sterk autentisering	1,2				
4.3	Innføring nye fellessystem		x	8,0	x	Etablering av porteføljestyre
4.4	Ny avtale breiband	3,0				
4.5	Vidare digitalisering		x	x	x	I prosess
	<b>Delsum</b>	<b>5,2</b>		<b>8,0</b>		

Alle tal i mill. kr



## 5. Personaløkonomi

### 5.1 Bemanningsplanar

Ein gjennomgang av alderssamansettinga blant tilsette i fylkesadministrasjonen (her definert som alle tilsette med unntak av tilsette ved skulane og tannklinikane) viser at om lag 170 personar vil gå av med alderspensjon fram mot 2025. I tillegg kjem annan turnover. Basert på erfaringstal utgjer dette opp mot 200 personar i perioden.

Alle avdelingar skal på bakgrunn av dette utarbeide bemanningsplanar der behovet for å erstatte venta vakansar vert vurdert. Ein må her også gjere ei kompetansevurdering, då det er viktig at fylkeskommunen til ei kvar tid har rett kompetanse til å løyse dagens og morgondagens oppgåver.

Det er i utgangspunktet noko overkapasitet innan t.d. rekneskap og løn. På andre område er det venta at overgang til nye teknologiske løysingar vil innebere behov for annan kompetanse. Dette gjeld m.a. innan IKT og kollektivdrifta.

Fylkesrådmannen vurderer det som realistisk å kunne effektivisere den administrative drifta med 30-40 årsverk gjennom naturleg avgang dei kommande åra. Dette kjem i tillegg til den bemanningsreduksjonen som alt er gjennomført/lagt til grunn i budsjett for 2020 og 2021. Potensielt utgjer dette ei innsparing på 25-30 mill. kr frå 2022.

Ved dei ytre einingane er det som tidlegare nemnt noko overkapasitet innan reinhald og bygningsdrift, jfr. punkt 3.2 og 3.3.

Vidare har finansutvalet bedt fylkesrådmannen vurdere leiarstrukturen ved dei vidaregåande skulane. Fylkesrådmannen kjem tilbake med eiga sak om dette.

Innan tannhelse tilseier utviklinga i den generelle tannhelsa til innbyggjarane at det er behov for ei endring i kompetansebehovet. I dei fleste andre fylkeskommunar er forholdet mellom tannlegar og tannpleiarar 2:1. Ut frå dette har Vestland ein overkapasitet på 20-25 tannlegar med tilhøyrande tannhelsesekretærar. Potensielt utgjer dette ei innsparing på ca. 15 mill. kr. Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med ein plan for gjennomføringa av dette kompetanseskiftet.

Fylkesrådmannen understrekar at alle omstillingsprosessar skal skje i tråd med avtaleverket og i dialog med dei tillitsvalde. For å sikre oversikt og kontroll med utlysing av ledige stillingar er det innført stillingskontroll i fylkesadministrasjonen. Det vert også arbeidd med å fremje den interne mobiliteten blant tilsette, m.a. gjennom å synleggjere ledige stillingar på intranett og oppfordre tilsette om å utvikle eigen kompetanse gjennom intern rotasjon.

### 5.2 Økonomiske effektar av generasjonsskifte

Vestland fylkeskommune har ein aldersprofil på tilsette der knapt 10 prosent er i aldersgruppa 62 år og eldre. Ein vesentleg del av desse er pedagogisk tilsette. I samband med venta naturleg avgang har fylkeskommunen som mål å oppnå ein meir balansert aldersprofil blant tilsette. På kort og mellomlang sikt vil dette også kunne ha ein viss effekt på lønskostnadene.

### 5.3 Anbod tenestepensjon

Vestland fylkeskommune har lyst ut konkurranse om forvaltning av ordning for tenestepensjon for «Kommunalt tilsette» (alle tilsette med unntak av pedagogisk tilsette, som etter lova sorterer under Statens pensjonskasse). Fylkesrådmannen kjem attende med tilråding om val av leverandør i eiga sak til fylkestinget i september.

#### 5.4 Redusert sjukefråvær, auka pensjonsalder mv.

Vestland fylkeskommune arbeider for eit inkluderande arbeidsliv. Dette inneber m.a. å arbeide for å redusere sjukefråværet, auke den gjennomsnittlege pensjonsalderen i verksemda og hindre fråfall frå arbeidslivet, særleg blant yngre arbeidstakarar. Dette har også økonomiske aspekt, men det er vanskeleg å talfeste moglege innsparingar på dette området.

#### Oppsummert

Nr.	Område/tiltak	Effekt 2021	Effekt 2022	Effekt 2023	Effekt 2024	Merknader
<b>5</b>	<b>Personaløkonomi</b>					
5.1	Bemanningsplanar		10,0	10,0	10,0	Vidare utgreiing.- naturleg avgang
5.2	Øk. effekt generasjonsskifte		5,0	5,0	5,0	Ny lønnspolitikk i arbeid
5.3	Anbod tenestepensjon	?				Anbodskonkurranse – sak FT
5.4	Redusert sjukefråvær					Kontinuerleg arbeid
	<b>Delsum</b>		<b>15,0</b>	<b>15,0</b>	<b>15,0</b>	

Alle tal i mill. kr

### 6. Finansforvaltning

#### 6.1. Plassering av overskottslikviditet

Vestland fylkeskommune har betydelege likvide midlar. I første halvår 2020 varierte saldoen mellom 1,9 og 2,8 mrd. kr. Gjennom styrkt likviditetsstyring kan vi oppnå ei meiravkastning på rundt 1 mill. kr årleg ved å plassere delar av desse midlane risikofritt på bankkonto med ein månads oppseiingstid.

Det kan også vere aktuelt å vurdere alternative plasseringar med låg risikoprofil i tråd med fylkeskommunen sitt finansreglement.

#### 6.2 Kjøp av finansiell rådgjeving

Vestland fylkeskommune nyttar i dag eit eksternt finansmiljø for innhenting av nye lånetilbod og refinansiering av eksisterande lån. Ved å gjennomføre dette arbeidet i eigen regi reknar fylkesrådmannen med ei viss årleg innsparing.

Vidare vil fylkesrådmannen gjennomføre ein ny konkurranse i marknaden om finansiell rådgjeving for fylkeskommunen med mål om reduserte kostnader.

#### 6.3 Ny avtale forvaltning konsesjonskraft

Vestland fylkeskommune forvaltar eit betydeleg volum innan konsesjonskraft. For å sikre gode faglege vurderingar knytt til sal av denne krafta i marknaden, har fylkeskommunen knytt til seg ekstern ekspertise på området. Fylkesrådmannen vil også her gjennomføre ein ny konkurranse blant aktuelle fagmiljø med mål om reduserte kostnader for fylkeskommunen.

## Oppsummert

Nr.	Område/tiltak	Effekt 2021	Effekt 2022	Effekt 2023	Effekt 2024	Merknader
<b>6</b>	<b>Finansforvaltning</b>					
6.1	Plassering overskottslikviditet	1,0				
6.2	Finansiell rådgjeving	?				Anbudskonkurranse
6.3	Forvaltning konesjonskraft	?				Anbudskonkurranse
	<b>Delsum</b>	<b>1,0</b>				

Alle tal i mill. kr.

## 7. Eigarskap

## 7.1 Vurdering av eigarskap

Eventuell avvikling av einssilde fylkeskommunale eigarskap kan innebære nokre innsparingar, m.a. i form av kontingentar (jfr. punkt 1.1), og auka inntekter ved eventuelt sal av aksjar. Slik vurdering vil skje i samband med eigarskapsmeldinga, som fylkestinget skal handsame i desember.

## Oppsummert

Nr.	Område/tiltak	Effekt 2021	Effekt 2022	Effekt 2023	Effekt 2024	Merknader
<b>7</b>	<b>Eigarskap</b>					
7.1	Vurdering av eigarskap	?				Eigarskapsmelding sak FT
	<b>Delsum</b>	<b>?</b>				

## 8. Oppsummering og vidare arbeid

## 8.1 Oversikt over samla innsparingspotensiale

Vedlagte tabell viser ein samla oversikt over førebels identifiserte innsparingar i mill. kr i perioden 2021-2024:

Nr.	Område/tiltak	Effekt 2021	Effekt 2022	Effekt 2023	Effekt 2024	Merknader
<b>1</b>	<b>Div. driftskostnader</b>					
1.1	Kontingentar	1,0				
1.2	Interne møtekostnader	1,0				
1.3	Avisabonement	?				Utgreiing i arbeid
1.4	Reiser og opphald	10,0	x	x	x	
1.5	Inkasso	0,4				
<b>2</b>	<b>Adm. utgreiingar</b>					
2.1	Bilpark		x			Reduksjon investerings-budsjett 9 mill. kr
2.2	Kontormøblar		x			Vidare utgreiing
2.3	Felles postmottak			x		Vidare utgreiing
2.4	Mobbeombod		0,8			Ventar ekstern tilråding om organisering
2.5	Innkjøp generelt		x	x	x	Kontinuerleg arbeid

<b>3</b>	<b>Drift bygg/eigedom</b>					
3.1	Husleige/arealøk.	8,0		15,0	5,0	Potensielt 5 mill. kr frå 2025 og 1 mill. kr frå 2026
3.2	Bygningsdrift/enøk		1,0	1,0	1,0	Potensielt 3 mill. kr naturleg avgang
3.3	Reinhald		x	x	x	Vurderast nærare
3.4	Eigedomsskatt		?			Nye søknadar i 21
<b>4</b>	<b>IKT og digitalisering</b>					
4.1	Standardisering av personleg utstyr	1,0				
4.2	Ny løysing sterk autentisering	1,2				
4.3	Innføring nye fellessystem		x	8,0	x	Etablering av porteføljestyre
4.4	Ny avtale breiband	3,0				
4.5	Vidare digitalisering		x	x	x	I prosess
<b>5</b>	<b>Personaløkonomi</b>					
5.1	Bemanningsplanar		10,0	10,0	10,0	Vidare utgreiing. 25-30 mill. kr i fylkesadm. – naturleg avgang
5.2	Øk. effekt generasjonsskifte		5,0	5,0	5,0	Ny lønnspolitikk i arbeid
5.3	Anbod tenestepensjon	?				Anbods konkurranse – sak FT
5.4	Redusert sjukefråvær					Kontinuerleg arbeid
<b>6</b>	<b>Finansforvaltning</b>					
6.1	Plassering overskottslikviditet	1,0				
6.2	Finansiell rådgjeving	?				Anbods konkurranse
6.3	Forvaltning konsesjonskraft	?				Anbods konkurranse
<b>7</b>	<b>Eigarskap</b>					
7.1	Vurdering av eigarskap	?				Eigarskapsmelding sak FT
<b>SUM</b>		<b>26,6</b>	<b>16,8</b>	<b>39,0</b>	<b>21,0</b>	

## 8.2 Tydelegare spesifikasjon av administrative driftskostnader i budsjett og rekneskap

Vestland fylkeskommune sitt driftsbudsjett er i dag brote ned på sektor- og avdelingsnivå med vidare inndeling i politiske løyvingsnivå. Dei administrative driftskostnadene til avdelingane er p.t. ikkje nærare spesifisert. Dette vanskeleggjer målretta reduksjonar på ein skilde område, t.d. kontorhald, reiseverksemd osv.

For å tydeleggjere dei administrative kostnadene og bidra til auka transparens i drifta, legg fylkesrådmannen opp til at ein i budsjett for 2021 vil bryte desse kostnadene ytterlegare ned i naturlege grupperingar. Dette vil også forenkla og forbetra arbeidet med budsjettering og økonomistyring i verksemda.

## 8.3 Vidare arbeid

Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med aktuelle utgreiingar og realisering av administrative innsparingar. I tillegg vil fylkesrådmannen gjennomføre ei evaluering av noverande organisasjonsstruktur hausten 2020 og eventuelt foreta nødvendige justeringar. Når dei første KOSTRA-tala for dei nye fylkeskommunane ligg føre våren 2021, er det også naturleg å gjere ein nærare analyse av desse for å sjå korleis Vestland fylkeskommune ligg an samanlikna med dei andre.

Vedtakskompetanse

Finansutvalet gjer prosessvedtak i budsjettarbeidet.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Det er identifisert eit betydeleg innsparingspotensiale knytt til administrative kostnader kvart år i økonomiplanperioden.

**Klima:** Reduksjon i reiseverksemda vil ha ein positiv effekt på klimaet.

**Folkehelse:** Innsparingane er ikkje vurdert å ha negativ effekt på folkehelsa i Vestland.

**Regional planstrategi:** Det er ikkje vurdert at dei identifiserte innsparingane vil ha vesentleg negativ innverknad på arbeidet med å nå måla i den nye utviklingsplanen for Vestland.

### Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at dei administrative innsparingane som er identifiserte, vert lagt til grunn i arbeidet med budsjettet for 2021. Fylkesrådmannen tilrår at administrasjonen arbeider med innretting og vidare utgreiing av aktuelle tiltak for resten av økonomiplanperioden og vil komme nærare tilbake til dette i samband med budsjettprosessen for 2022.